



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

## Ekstrautgåve for hytteeigarar

April 2011 Årg. 18



### Rett frå dunken

#### 50-lapp for hageavfall



Prisane for levering av avfall på SIM sine miljøsentralar er dei same i 2011 som i 2010, med unntak av hageavfall. Frå og med 1. mai 2011 vil det kosta 50 kroner å levera hageavfall tilsvarande det ein får plass til på ein «vanleg» biltilhengjar. Tidlegare har det vore kostnadsfritt å levera. Årsaka til prisauken, er at SIM har mykje etterarbeid med hageavfallet.

For anna avfall gjeld at:

- Minsteleveranse (1 sekk) kostar kr 45.
- For mengder opptil 1,5 m<sup>3</sup> (det du får oppi 15 bossekker) er prisen kr 150.
- For mengder frå 1,5 til 3 m<sup>3</sup> kostar det kr 300.

Større mengder vert avrekna etter vekt eller volum. Miljøsentralane har betalingsterminal.

EE-avfall, farleg avfall, plastemballasje og folieplast og glas- og metallemballasje kan leverast kostnadsfritt.



# Tid for hytte

Hyttesesongen er for lengst i gang, og Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er som alltid på plass. Ei av våre oppgaver er å sørja for at hyttebrukarar vert kvitt boset sitt på ein miljømessig god måte.

Dette bladet vert sendt til alle som eig hytte i ein av «SIM-kommunane». Meininga er å informera om SIM si hytterenasjonsordning, slik at alle abonnentar veit kva dei betalar for og kva

for servicenivå dei kan forventa. Ordninga består av hyttekonteinrar, miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje. Berre dei som betalar hytteabonnement har lov til å bruka konteinrarane.

Har du forslag til korleis hytterenasjonsordninga kan gjerast betre, høyrer me gjerne frå deg.



## Heilårsabonnement for utleiehytter

Alle som eig og brukar hytte i ein av SIM sine eigarkommunar må vera med i den kommunale renovasjonsordninga. Alle utleiehytter (t.d. rorbuer) er å rekna som heilårshus og skal ha renovasjonsordning tilsvarande heilårshus. Det vil seia at dei må ha dunkar for bio-, papir- og restavfall. Det har kommunestyret i alle SIM sine eigarkommunar vedteke.

Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna abonnementet, tlf. 53 45 78 50.

Gebyroversikt finst på [www.sim.as](http://www.sim.as)



### Ryddeaksjonar våren 2011

SIM arrangerer kvart år ryddeaksjon på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral. Både fastbuande og hyttebrukarar kan levera avfall og det er kostnadsfritt å levera. SIM stiller mannskap og utstyr.

Ryddeaksjonane finn stad til desse tidene:

#### Fjelberg/Borgundøy:

Laurdag 16. april kl. 10.30– 13.30

#### Varaldsøy:

Laurdag 7. mai kl. 10.00 – 13.00

#### Snilstveitsøy :

Laurdag 7. mai kl. 10.00 – 13.00

#### Huglo:

Laurdag 30. april kl. 09.30 – 12.00

#### Espevær:

Laurdag 30. april kl. 10.00 – 13.00

#### Møkster/Littakalsøy:

Laurdag 14. mai kl. 14.00 – 17.00

### Plastsortering

Hyttebrukarar som ynskjer å sortera ut plastemballasje kan be SIM om å få tilsendt storsekker til å samla i. Plasten kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralane.



# Bruk miljøsentralen

*Kjell Pedersen frå Stord leverer det farlege avfallet sitt til miljøsentralen i Svartasmoget.*

Farleg avfall og kasserte elektriske- og elektrotekniske produkt (EE-avfall) skal ikkje kastast i hyttekonteinarene, men leverast til miljøsentralen. Det er kostnadsfritt å levera.

Mange har ståande målingsrestar, olje, lim, lakk og andre produkt som kan skada miljøet. Når slikt avfall ein gong skal kastast, er det berre ein rett plass: Miljøsentralen. Alt avfall som vert levert inn på miljøsentralen vert teke hand om på forsvarleg vis; anten ved at det vert til råstoff i nye produkt eller lagra på forskriftsmessig måte.

SIM har miljøsentral i Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes. Hyttebrukarar på Stord kan bruka sentralen i Fitjar (Svartasmoget).

#### Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindaug (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnert materiale

#### Døme på EE-avfall (kan også leverast forhandlar):

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrør, sparepærer
- Oppladbare batteri og knappceller
- Leiker som blinkar eller bråkar

## SIM sine renovasjons- og slamtømmegebyr

SIM har som målsetjing at alle hytteabonnentar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr.

Diverre varierer gebyra enno. Årsaka til dette, er at kommunane legg på SIM sine grunnprisar for å dekkja sine eigne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune (sjå blå søyle). SIM sine grunnprisar er illustrert med brun søyle. Gebyret skal uansett ikkje vera høgare enn at renovasjonsordninga går i balanse.

#### Gebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering av avfall)
- Administrasjon og informasjon

# Ta vare på hyttekonteinarane

SIM vil at det skal vera reint og ryddig rundt hyttekonteinarane, slik at dei er trivelege å bruka.

Er konteinar full, eller boset flyt på utsida, ber me deg melda frå til SIM på tlf. 53 45 78 50. Det same gjeld dersom du ser at uvedkomande nyttar konteinarane. Det er berre dei som betalar gebyr for hytte/fritidsbustad som har lov til å bruka hyttekonteinarane. Utleiehytter/rorbuer skal ha eigne dunkar.



Årsaka til at konteinarane har små innkastluker, er at SIM vil motverka at uvedkomande brukar konteinarane til å kvitta seg med grovavfall.

## 125 konteinarstader

SIM har hyttekonteinarar 125 stader i medlemskommunane (sjå t.h.). På [www.sim.as](http://www.sim.as) finn du kart som viser kor hyttekonteinarane står (klikk på «Privat» og deretter på «Hytterrenovasjon»).

SIM arbeider for at hytteeigarar skal ha ei god og mest mogeleg lik renovasjonsordning til ein akseptabel pris. Vårt inntrykk er at hytteeigarar tykkjer tilbodet er akseptabelt så lenge dei har ein konteinar langs vegen frå hytteområdet eller til butikk/ferje. Forslag til forbetringar er velkomne, men SIM kan ikkje ha konteinarar ståande «alle stader». Det ville ha blitt ei svært dyr ordning for abonnentane.


## Slamtømming for hytter

I 2011 vert det slamtømming for hytteabonnentar i kommunane Bømlo og Sveio. Abonnentane får tilsendt informasjonsblad i god tid før tømning. Ein god del av tømningane vil vera utførte når dette vert lest. Spørsmål kan rettast til Johny Birkeland Transport AS, som tømmer slam for SIM. Telefon 57 78 11 70 eller 970 10 092.

## Eigen dunk ved hytta


Hytteeigarar som ynskjer eigen bosdunk ved hytta, kan bestilla det hos SIM (dunk med grønt lok). Denne må setjast ut til vegen på same tid og stad som fastbuande set ut restavfallsdunken. Tømmedagane går fram av SIM sin tømme kalender, som kan lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as). Hyttebrukarar kan òg få dunkar til å sortera i, slik fastbuande har, men må då betala gebyr som for heilårsbustad.

## Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2011 (i kr, inkl. mva):



■ Kommunal eigenkostnad ■ Gebyr til SIM

## Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2011 (i kr, inkl. mva):



## Her finn du hyttekonteinarane

OBS! Hyttetun kjem i tillegg.

### Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Kryss avkøyning Selvågen/Nordeid
- Kolbeinsvik kryss v/lager vegstellet
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Gauksheim
- Stolmabrua rasteplass
- Birkelandskryss
- Stolmen kyrkje
- Stolmen - båthamn Sørvikjø
- Vik-kryss (nordsida)
- Blænesvegen v/busstogg
- Hestevik-Bysesund v/snuplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

- Ranavik ferjekai
- Arnavik
- Borgundøy

### Stord

- Studalen v/Kiwi
- Fjellgardane
- Avkjørsel til flyplass Stokken
- Dåfjorden v/hyttefelt
- Føyno
- Huglo kai
- Huglo ved skulen

### Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes (2 stk.)
- Holsvika/Buavika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjørna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågenes v/kryss
- Eilerås v/steinbrotet på nordsida
- Birkeland
- Sveio sentrum v/butikkssenter
- Lid
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Buavåg
- Sletto v/hyttefelt
- Nordskog v/gravplass
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Vikse
- Ekrene

### Tysnes

- Skorpo v/kryss
- Flakkavåg kai
- Espevik
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss Godøysund
- Gjersvikoidet
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Ugddal v/kryss Onarheim
- Ugddal v/Sæd
- Hålandsneset ved kryss til Amland
- Reksteren - Sunde kai
- Reksteren - kryss til Flygansvæ
- Reksteren - Brattetveit v/møteplass
- Reksteren - Bruntveit v/kryss til kai
- Reksteren - v/skulen på Skår
- Reksteren - Hope v/kryss til Hopsund
- Reksteren - kryss til Kaldafooss
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai

### Kvinnherad

- Vestervik v/tunnel
- Stussvik v/vegkryss
- Hammarhaug - hyttefelt
- Vikane - veg mot Håvik
- Ølve v/kryss til Skarvasete
- Gjermundshamn v/venterom
- Gjermundshamn v/butikk
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger
- Ænes campingplass
- Ænes 1 km sør for Furebergstunnelen
- Årsnes ferjekai
- Rosendal v/bru
- Dimmelsvik v/gamleposten
- Blådalen v/vegkryss til Matre
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra - vegkryss mot Haugstøl/Skromme
- Uskedal v/gamleskulen
- Herøysund v/butikk
- Husnes v/Statoil
- Sunde ferjekai
- Valen (parkeringsplassen ved kyrkja)
- Utåker/Holmedal kryss riksveg
- Sydnes ferjekai
- Toftevågen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn

Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



**SIM**  
nytt

Resirkulert  
glasemballasje  
vert til råstoff  
i nye produkt.  
Andre Milje kastar  
vinflaskene i  
ein av SIM sine  
mange konteinarar  
for glas- og  
metallemballasje.

# Bruk returpunkta for glas- og metallemballasje

Kast ikkje glas- og metallemballasje i hyttekonteinarene, men lever det til eit av våre returpunkt for slikt avfall, eller til miljøsentralen. Då er du med og gir emballasjen «nytt liv». Resirkulert glas- og metallemballasje blir til råstoff i mange produkt.

Returpunkta finn du på sentrale stader kringom i kommunane. Sjå oversikt på [www.sim.as](http://www.sim.as).

**NB!** Berre glas- og metallemballasje som det har vore *mat* eller *drikke* i kan kastast i returpunkta. Døme er syltetøyglas, vinflasker og hermetikkboksar.

Porselen, keramikk, lyspærer, vindaugsruter og målingsspann skal *ikkje* i returpunkta, men leverast på miljøsentralen.



Kompostjord og plenblanding kan kjøpast på SIM sine miljøsentralar året rundt. Produkta er populære som jordforbettringsmiddel og i blomebed. Prisen er den same i år som i fjor; kr 150 for ein liten tilhengjar og kr 300 per tonn for større mengder. I Svartasmoget og på Husnes kan du få hjelp til å lasta molda på tilhengjaren (kr 75 i tillegg). Ved dei andre miljøsentralane må du lasta sjølv.



### Duo til hjelp

Trine (t.h.) og Sissel i SIM sitt kundemottak svarar på spørsmål om hytterenasjon. Kontakt dei på tlf. 53 45 78 50 eller send ein e-post til [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)

## Opningstider miljøsentralane 2011

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdaalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:  
Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.  
Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.  
Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaften, julaften og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaften stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



**SIM**

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk  
IKS (SIM) er avfallsselskap for kommunane  
Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord,  
Sveio og Tysnes.